

08.11.2022

# Fedje kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg  
til kommunebudsjett 2023 og  
økonomiplan 2023-2026

# Innhald

---

<b>1. Kommunedirektøren si innleiing</b> .....	2
1.1. Politisk styring .....	3
1.2. Administrativ styring .....	4
<b>2. Bakgrunn for budsjettframlegget</b> .....	5
2.1 Økonomiske føresetnadar .....	5
2.1.1 Statlege overføringar og ramme. Forventa pris- og lønnsvekst. ....	5
2.2. Økonomisk utvikling på Fedje .....	5
2.2 Kommunale planføresetnader .....	5
2.2.1 Kommunal planstrategi .....	6
2.2.2 Kommuneplan med handlingsprogram .....	8
2.3 Demografi .....	9
2.3.1 Folketalsutvikling .....	10
2.3.2 Barne- og elevtalsutvikling .....	10
2.3.3 Folketalsutviklinga over 65 år .....	11
<b>3. Økonomioversikt og investeringsbudsjett</b> .....	12
3.1 Driftsbudsjett 2022 .....	12
3.2 Investeringsbudsjett 2022.....	14
<b>4. Visjon og mål</b> .....	17
4.1 Overordna mål for perioden 2023 - 2025 .....	17
4.2 Tenestemål og styringsmål .....	18
<b>Ansvar 1000 Kommunedirektør</b> .....	18
<b>Ansvar 1100 Kulturtenester</b> .....	23
<b>Ansvar 2000 Levekår</b> .....	25
<b>Ansvar 2100 Fedje skule</b> .....	27
<b>Ansvar 2200 Fedje barnehage</b> .....	31
<b>Ansvar 2300 Pleie og omsorg</b> .....	33
<b>Ansvar 2500 Legetenester</b> .....	37
<b>Ansvar 2600 Sosialtenester</b> .....	38
<b>Ansvar 3000 Teknisk kontor</b> .....	40
<b>Ansvar 3100 Kommunale bygg og anlegg</b> .....	42
<b>Ansvar 4000 Finansiering</b> .....	44
<b>5. Økonomiplan 2023-2026</b> .....	45

## 1. Kommunedirektøren si innleiing

I 2022 kunne vi etter kvart legge korona-pandemien bak oss. Sjølv om smitta framleis er iblant oss, så må vi leva med den på beste måte ved å halde fram med smittevernråda som vi har levd med i to år. No er det nye utfordringar vi må handtere. Krigen i Ukraina får store konsekvensar, i verda, i Noreg og på Fedje. Kommunestyret har vedteke å ta i mot 30 flyktningar frå Ukraina, noko som er eit høgt tal når me ser på tal innbyggjarar i kommunen. I oktober 2022 har me teke i mot 20 flyktningar. Ambisjonen er no å ta i mot dei siste 10 i 2023. Det er ei utfordring for kommunen å finne husvære til alle, og me arbeidar for å få til eit enno betre samarbeid med private for å skaffe fleire husvære. Regjeringa har allereie signalisert at dei kjem til å be kommunane om å ta i mot fleire flyktningar i 2023. Eg vurderer det slik at me har nådd vår kapasitet ved 30 flyktningar. Framover blir det viktig å fokusere arbeidet på integrering, språkopplæring og moglegheit for flyktningane å få seg arbeid. Dei er særers motiverte for dette.

Krigen i Ukraina får og konsekvensar for kommunebudsjettet for 2023. Regjeringa har lagt fram forslag om eit stramt budsjett for å dekkje inn for kostnader knytt til krigen i Ukraina, flyktningane, auka beredskap, forsvarsbudsjett og våpen og anna hjelp til Ukraina. Fedje kjem dårleg ut, mellom anna fordi folketalet i kommunen går nedover. I forslag til budsjett for 2023, så vil dei frie inntektene vil bli mindre, og utgiftene vil auke. Det gjeld både generell prisstigning, rentenivået og kostnader til straum. Me opplever ein straumkrise som me aldri har opplevd før. Alle kommunar skal ha planar for straumrasjonering i 2023. Det er særers vanskeleg å berekne budsjett for straum når prisane går opp og ned, men vi veit at det totalt sett blir dyrare.

Framtida er uviss, og vi må planlegge ut i frå det. Det vil mellom anna si at beredskapsarbeidet vil ha høg prioritet i 2023. Budsjett for 2023 og økonomiplan 2023 til 2026 er eit stramt, men realistisk dokument for tenesteproduksjonen i Fedje kommune. Nedgang i overføringar frå staten gjer at det er vanskeleg å finne rom for nye satsingar. Det må gjerast prioriteringar for å få budsjettet i balanse. Eg har lagt fleire forslag til innsparingar til politisk diskusjon og avgjerd.

### 729

Så kor ligg moglegheitene for Fedje kommune? Fedje kommune hadde 498 innbyggjarar pr. 1. kvartal 2022 (kjelde: SSB). I løpet av 2022 har 20 ukrainarar flytta til Fedje. Tala for 1. kvartal 2023 blir viktig. Ei stor del av løysinga for Fedje kommune framover ligg i auke i folketal. Ordførar har uttalt talet 729. For å lukkast å snu trenden og få 729 innbyggjarar på Fedje må me etter mitt syn jobbe med å utvikle Fedjesamfunnet/"Landsbyen i havet" til ein endå betre stad å bu. Men det hjelper ikkje viss ingen veit kor flott det er å bu og leve på Fedje. Difor må vi arbeide saman med alle gode kreftar for å formidle historia om Fedje til omverda.

Vi må og arbeide for endå betre tenester til innbyggjarane. Legetenesta på Fedje er eit godt eksempel på det. Andre ting eg vil trekke fram er gode fritidstilbod for både born og vaksne. Me har gode og trygge bu- og oppvekstvilkår, gode kommunale tenester, eit rikt kultur- og lagsliv, ein unik natur og gode opplevingar. Liv og Lyst programmet er eit godt eksempel på alt det kjekke som skjer på Fedje. Dette er viktig for å ta vare på, og det er det som gjer Fedje til ein særprega kommune. Dette gir etter mi meining både auka bulyst og eit godt omdøme for kommunen.

Ein anna ting me må fokusere på i lag med folket på Fedje er ein vidare utvikling av næringslivet. Fiskeoppdrett og sjømatproduksjon er område der Fedje har naturgitte føresetnadar. Me jobbar no med siste innspurt med Interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland. Lukkast vi med det, kan kommunen tilby nye areal for fiskeoppdrett. Ei anna moglegheit ligg i utvikling av reiseliv. Kommunen har ein plan for reiseliv som går ut i 2022. Ei rullering og oppdatering av denne planen vil kunne gi eit viktig grunnlag og satsing på reiselivet i kommunen. Det kan og løyse ut prosjektmidlar frå fylkeskommunen og Innovasjon Norge.

Kommunestyret har vedteke å delta i Industriutvikling Vest sitt program for næringsutvikling som skal gå i 5 år. Her ligg det og moglegheiter for ny næringsutvikling. Fedje kommune er ikkje i ein posisjon der me kan velje og vrake mellom bedrifter som ønskjer å skape aktivitet og nye arbeidsplassar. Oppgåva vert derfor å legge best mogleg til rette for alle, både eksisterande og nye bedrifter og sikre rekruttering av tilsette i kommunal og privat verksemd. Kommunen har ei rolle med å legge til rette for ny næringsutvikling, mellom anna gjennom arealplanlegging. Det handlar og om å fortelje historia om det gode livet på Fedje og dei kvalitetane kommunen kan tilby.

Du kan leve eit godt liv på Fedje, og dette må me marknadsføre betre og styrke omdømet vårt i samspel med alle gode krefter i kommunen.

Berit Karin Rystad  
Kommunedirektør

## 1.1. Politisk styring

Kommunestyret har 15 medlemmer frå følgjande parti: Høgre 6, Arbeidarpartiet 6 og Framstegspartiet 3. Ordførar Stian Herøy representerer Høgre, og er kommunen sin øvste leiar. Bjørn Kåre Solbakk, FrP, er varaordførar i valperioden.

Formannskapet er kommunen sitt økonomiutval og planutval.

Partsamansett utval er formannskapet pluss to hovudtillitsvalde. Partssamansett utval handsamar overordna saker som gjeld forholdet mellom arbeidsgjevar og dei tilsette.


Kontrollutvalet skal på kommunestyret sine vegner føra tilsyn med arbeidet til formannskapet og administrasjonen. Sekretariatet til kontrollutvalet er lagt til Nordhordland Utviklingsselskap IKS.

I tillegg til desse utvala har kommunen oppretta rådsorgana:

- Eldrerådet/Råd for menneske med nedsett funksjonsevne og Ungdomsrådet

Formannskapet er valstyre. Dette er eit lovpålagt organ, som skal gjennomføra stortingsval, fylkestingsval og kommuneval. I tillegg er ei valnemnd med representasjon frå alle partia i kommunestyret oppnemnd til å koma med framlegg til kandidatar i styre, råd og utval, eventuelt val av nye kandidatar. Nemnda fungerer gjennom heile valperioden. I 2023 er det kommune- og fylkestingsval.

Fedje kommune har i denne fireårsperioden ordfører tilsvarende 90% stilling og varaordfører tilsvarende 20% stilling. I tillegg har alle politikarane godtgjersle for møte i kommunale organ.




## 1.2. Administrativ styring

Kommunedirektøren er kommunen sin øvste administrative leiar, og har gjennom tett samarbeid med folkevalde og tilsette, ansvaret for å vidareutvikla ein stabil og framtidsretta organisasjon med eit godt sørvis- og tenestetilbod til innbyggjarane.

Alle einingsleiarar har personal- og budsjettansvar.

*Administrativt organisasjonskart pr. 13.07.2022:*



## 2. Bakgrunn for budsjettframlegget

Dette budsjettframlegget byggjer på lover og forskrifter, gjeldande økonomiplan, utviklinga så langt i 2022, utsiktene vidare og regjeringa sitt framlegg til Statsbudsjett for 2023.

### 2.1 Økonomiske føresetnadar

I budsjettet er det lagt til grunn ei lønsauke på ca. 4%. Dette er høgare enn tidlegare år, og skuldast den generelle prisstigninga og auka rente. Når det gjeld den generelle prisveksten vil den truleg være vanskeleg å slå fast sidan den økonomiske situasjonen i verda og i Noreg er særst uoversiktleg framover. Me veit at prisane vil stige, men ikkje kor mykje, og det må vi ta høgde for i framlegget til kommunebudsjett for 2023.

#### 2.1.1 Statlege overføringar og ramme. Forventa pris- og lønnsvekst.

Sum pårekna frie inntekter er Kr 61 359 000,- noko som er ein auke på 1,7% frå 2022 til 2023.

Dette er 1,8 % lågare enn snittet blant kommunane i Vestland fylke og 0,8 % lågare enn landsgjennomsnittet.

Den svake inntektsutviklinga for Fedje kommune skuldast hovudsakleg negativ endring i folketal det siste året. Av overføringane utgjer distriktstilskot S-Norge og småkommunetillegg kr 6 257 000,-.

Den samla pris- og kostnadsveksten – kommunal deflator – er i framlegget 3,7 prosent. Deflatoren blir nytta til prisjustering av statlege rammetilskot og øyremerkte tilskot i statsbudsjettet.

Kostnadsdeflatoren består av:

- Lønnsvekst 4,2 %
- Varer og tenester 0,6-2,6 %
- Samla prisvekst 3,7 %

### 2.2. Økonomisk utvikling på Fedje

Den økonomiske utviklinga har nær samanheng med folketalsutviklinga i kommunen. Når det vert færre innbyggjarar i kommunen vil også overføringar frå Staten og skatteinntekter gå ned. Det gjer at kommunen må redusere på tenestetilbodet, noko som igjen kan medføra at det vært færre innbyggjarar i kommunen. For å greie å snu dette, bør ein få på plass nye verksemder som både gjer arbeidsplassar og inntekter til kommunen. Både politisk leiing og administrasjonen må jobba målretta framover for å leggja best mogeleg til rette for å få til ei positiv utvikling, gjerne i samarbeid med private aktørar.

### 2.2 Kommunale planføresetnader

Kommunen si rolle i næringsarbeidet er å setje rammer for marknadsaktørane, gjennom å leggje dei lange linene og fastsette ønska utviklingstrekk. Det må utarbeidast langsiktige målsetnader, som vert

nedfelt i strategiar. Desse har ein naturleg plass i samfunns- og arealdelen i kommuneplanen, samt anna kommunalt planarbeid. Kommuneplanen går ut 2024 og reiselivsplanen går ut i 2022. Det er eit potensiale for ny næringsverksemd knytt til reiselivet, og difor bør me prioritere å få rullert reiselivsplanen i 2023. Verda og framtida er usikker, og difor er kommunane bedt om å ha oppdaterte beredskapsplanar. Fedje kommune sin beredskapsplan er utdatert. Dette arbeidet må difor prioriterast høgt, og me må starte arbeidet så snart som mogleg.

Kommunal planlegging må vere tilpassa den konteksten den skal utførast i. Slik skal planlegginga vere tilpassingsdyktig, fleksibel og effektiv. Planlegginga skal gje retning til samfunnsutviklinga. Det er difor viktig at planarbeidet på Fedje tek utgangspunkt i dei utfordringane me har lokalt, utan å setje rammer som hemmar ønska utvikling.

### 2.2.1 Kommunal planstrategi

Planstrategi for inneverande periode vart vedteken av kommunestyret 30.04.2020 (k-sak 022/20). I budsjett- og økonomiplanarbeidet har kommunedirektøren vurdert tiltakslistene i dei ulike vedtekne planane. Den kommunale planstrategien skal m.a. fortelja kva planar kommunestyret ønskjer å få ferdig/utarbeidd/revidert og vedteke i kommunestyreperioden. Planstrategien skal gje eit samla oversyn over utfordringane gjennom ein fireårsperiode, ut frå kva kommunestyret ønskjer av arealutnytting og ein styrt retning av den lokale samfunnsutviklinga. Noverande planstrategi gjeld til 2024. Det har vært stor utskifting i leiinga i kommunen, og det har mangla kompetanse og kapasitet på planområdet. Dei fleste planane har ikkje vært jobba med i 2022.

### Status planarbeid hausten 2022

Type plan	Kommentar	Merknad
<b>Samfunnsdelen til kommuneplanen</b>		
Folkehelse	Mål og strategiar inn i Kommuneplanen. Skal oppdaterast i samsvar med vedteken planstrategi – K-sak 022/20. Kommuneplanen går ut i 2024 og treng rullering.	Ansvar: Kommunedirektøren
<b>Temaplanar</b>		
Helse- og omsorgsplan	Planprogram vart vedteke 12.03.2020. Dette planarbeidet er ikkje satt i gang.	Ansvar: Helse og omsorgssjef
Oppvekstplan	Behov for plan om framtida med færre barn. Arbeidet stoppa opp i 2018. Siste aktivitet – F-sak 036/17.	Ansvar: Rektor og styrar i barnehagen

	Planarbeidet er ikkje satt i gang.	
Interkommunal plan for sjøareala i Nordhordland	Starta haust 2020. Arbeidet med den interkommunale planen vert vidareført i 2022 og forventast ferdig tidleg i 2023.	Vedtak om deltaking – k-sak 055/20 Ansvaret: Samfunnsplanleggar Kommunen har fått bistand frå Austrheim til å følgje opp planen
Reiseliv (Næringsplan)	Plan/kartlegging er innhenta. Det er gjort politisk vedtak om vidare prosess. Rullering av planen i 2023	Ansvaret: Kommunedirektør
Sentrumsplan	Plan/kartlegging er innhenta. Det er gjort politisk vedtak om vidare prosess. Planarbeidet er ikkje satt i gang.	
Trafikksikringsplan	Denne planen var knytt til Nordhordlandspakka, som er vedteke. K-sak 023/04 vedteken 21.02.2003.  Ein oppdatert trafikksikringsplan er naudsynt for å kunne søka trafikksikringsmidlar. Vegane på Fedje er generelt smale og i dårleg stand. Det inneber at endringar i trafikkbilete, næring og busettingsmønster fort vil kunne skapa nye utfordringar for trafikktryggleiken. Byggefeltet i Torvhaugane kan til dømes føra til at vegen til Vestkanten i større grad enn i dag vert ein skuleveg. (Frå vedteken planstrategi)	Tiltak vert gjennomført. Viser til Nordhordlandspakka. Ansvaret: Teknisk sjef.
Idrett og friluftsliv	Temaplan for idrett- og friluftsliv 2021-2022 for Fedje kommune.  K-sak 078/20 vedteken 10.12.2020.	Ansvaret: Samfunnsplanleggar
Kulturminneplan	Kulturminneplan for Fedje kommune vart vedteken utan	Ansvaret: Leiar fellestenester



	handlingsplan i 2020. Handlingsdelen vart vedteken i kommunestyret 22.04.2021 K-sak 028/21	
Plan for rehabilitering og koordinerande eining	Naturleg at denne kjem etter helse- og omsorgsplanen(sjå over)	Ansvar: Fysioterapeut
Pandemiplan	Vedteken i kommunestyret 10.12.2020. K-sak 085/20. Planen må rullerast i samband med rullering av beredskapsplanen etter krav frå statsforvaltar (tilsyn). Smittevernplan må og rullerast og oppdaterast.	Ansvar: Smittevernlege
<b>Planar forankra i lov, forskrift og avtale</b>		
Rusplan / Alkoholpolitisk plan	Fullført. Vedtatt i kommunestyret 11/6-20	Ansvar: Leiar fellestenester.
Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) Pålegg om revisjon av beredskapsplan	Bør rullerast i 2022. Er ikkje påbegynt. Må sjåast i samband med rullering av beredskapsplan og rullering av kommuneplan  Ferdig fyrste halvdel av 2023	Ansvar: Teknisk sjef og kommunedirektør.
Folkehelseoversikt	Utarbeidd i 2017.	Ansvar: Kommunedirektøren
Personalplan.	Fullført. K-sak 052/20	Ansvar: Personalsjef

### 2.2.2 Kommuneplan med handlingsprogram

Fedje kommunestyre vedtok «Kommuneplan 2012-2024» i møte 14. mars 2013. Planen inneheld ein samfunnsdel, ein arealdel og ein risiko- og sårbarheitsanalyse der ein ser verknader av endra arealbruk med tanke på å redusera risiko for tap av liv, helse, miljø, infrastruktur mv. Planen gjeld heile kommunen, inkludert alt sjøareal innanfor kommunegrensa.


Med eit juridisk bindande dokument for arealdisponeringa, står kommunen betre rusta til å møta utfordringane i planperioden. Dette gjeld område som t.d. arealbruk, friluftsområde, strandsone, bustadbygging og næringsområde. Kommuneplanen skal gje eit godt grunnlag for politisk styring, der ein tek vare på og vidareutviklar dei kvalitetane som gjer Fedje til ein attraktiv stad å bu, driva verksemd og å vitja.

Kommuneplanen gjev også viktige føresetnader for Fedje som eit berekraftig og levande lokalsamfunn. Kommuneplanen er det rammeverket som all anna planlegging i kommunen skal byggja på.



### 2.3 Demografi

Det var registrert 496 innbyggjarar i 2. kvartal 2022. Det er først og fremst barn og unge vaksne det er blitt færre av i Fedje kommune dei siste åra. Dette er ei liknande utvikling som mange andre distriktskommunar har hatt. Det er og ei lita endring hjå dei aller eldste. Det er færre kvinner over 95 år i løpet av 2022. Elles viser tala at ungdommen flyttar i 20 åra og nokre kjem tilbake når dei er vaksne. Under viser alderssamansetjinga av innbyggjarane i pr 2. kvartal 2022:



### 2.3.1 Folketalsutvikling

Fedje kommune sin største utfordring er folketalsutviklinga som i mange år har gått feil veg. For 2021 gjekk folketalet ned med 23 personar. Utviklinga var slik:



For at Fedje kommune skal ha ei framtid som eigen sjølvstendig kommune er det heilt avgjerande at denne negative utviklinga stansar opp og snur til ei positiv utvikling innan få år. Korleis ein skal få dette til er noko som politisk leiing og administrativ leiing er nøydd til å bruke sin hovudfokus på framover. Dersom ein ikkje lukkast her, vil mykje av dei andre planane ein jobbar med vere bortkasta.

Alle tala er henta frå Statistisk sentralbyrå; [ssb.no](https://www.ssb.no/kommunefakta/fedje). For fleire tal om Fedje kommune i dag, sjå: <https://www.ssb.no/kommunefakta/fedje>. Tala er pr 2. kvartal kvart år.

### 2.3.2 Barne- og elevtalsutvikling

Tabellen syner framskriving av barnetalet i barnehage- og skulealder for Fedje kommune i åra 2023-2030. Tala er henta frå SSB og tek utgangspunkt i ei kommune prega av sterk aldring i befolkninga. Utan auke i tilflyttinga til Fedje, kan ein ikkje vente noko særleg auke i barnetalet i framtida. Då tala er så små som dei er, vil ein ikkje kunne stole på at statistikken syner kva som skjer i røynda.

Aldersgrupper	2023	2024	2026	2030
0-4 år pr. 01.01	15	14	11	19
5-11 år pr 01.01	36	33	29	27
12-15 pr. 01.01	18	20	22	21
Samla barnetal i barnehage- og grunnskulealder	69	67	62	67

I 2022 ser me ei auke i tal born i barnehagen. Det ser ut til at denne auka vil fortsette. Dette er veldig gledelege tal, og gir ny optimisme i utvikling av kommunen. Me må difor auke opp personalressursane i barnehagen i 2023. Dei siste skuleåra har det vore ei sterk nedgang i elevtalet ved Fedje skule, men me ser kimen til ei endring i dette no. Skuleåret 2020/2021 hadde vi 57 elevar, og dette skuleåret er elevtalet 60. I 2021 og 2022 har vi fått 12 nye elevar i tillegg til dei som starta i første klasse.

Det at Fedje kommune har teke imot flyktningar har påverka elevtalsutviklinga, men det er og anna tilflytting som gjer at vi har fleire elevar på skulen i år enn i fjor. Utviklinga dei neste åra syner at nedgangen i elevtalet vil kunne halde fram, men ikkje i same grad som tidlegare prognosar synte. Samtidig ser me at tal born i barnehagen aukar, og det vil kunne gi moglegheit for at elevtalet på skulen på sikt og vil auke.


	22/23	23/24	24/25	25/26	26/27
1.-4.klasse	25	23	21	16	17
5.-7.klasse	21	21	21	22	18
8.-10.klasse	14	17	16	21	21
<b>Sum grunnskulen</b>	<b>60</b>	<b>61</b>	<b>58</b>	<b>59</b>	<b>56</b>

### 2.3.3 Folketalsutviklinga over 65 år

Medan folketalsutviklinga samla i mange år har vore negativ har den vore nokså stabil for aldersgruppa 65+. Prognosane frå SSP tyder på at talet for aldersgruppa 65+ vil auke i åra som kjem, dette gjeld også dei aller eldste. Likevel ser vi at det er ein liten nedgang i dei eldste kvinnene (95+). Dette kan være spesielt for 2022, og trenden seie at det vil bli fleire av de aller eldste i kommunen (90?). Dette er ei utvikling som me skal gleda oss over, og som me kan leggja til grunn vil fortsetja i åra framover. Dette betyr at ei god eldreomsorg vil vere minst like viktig i åra som kjem, som den er i dag.

### 3. Økonomioversikt og investeringsbudsjett

#### 3.1 Driftsbudsjett 2022



		Framlegg 2023	Budsjett 2022
<b>1000</b>	Kommunedirektør	11 952	11 548
<b>1100</b>	Kulturtenester	1 982	1 708
<b>2000</b>	Levekår	2 315	2 013
<b>2100</b>	Fedje skule	13 211	13 300
<b>2200</b>	Fedje barnehage	3 648	3 642
<b>2300</b>	Pleie og omsorg	18 974	18 731
<b>2500</b>	Legetenester	5 848	5 347
<b>2600</b>	Sosialtenester	8 228	3 617
<b>3000</b>	Teknisk kontor	2 760	2 274
<b>3100</b>	Kommunale bygg og anlegg	6 396	5 922


	<b>Framlegg 2023</b>	<b>Budsjett 2022</b>
<b>Driftsinntekter</b>		
1 Rammetilskot	45 376	44 792
2 Inntekts- og formuesskatt	15 983	15 892
3 Eigedomsskatt	2 200	2 200
4 Andre skatteinntekter	0	0
5 Andre overføringer og tilskudd fra staten	10 116	2 457
6 Overføringer og tilskudd fra andre	3 511	3 695
7 Brukarbetalingar	3 084	3 084
8 Sals- og leigeinntekter	7 608	7 449
9 Sum driftsinntekter	87 878	79 569
<b>Driftsutgifter</b>		
10 Lønnsutgifter	49 621	45 282
11 Sosiale utgifter	11 234	10 963
12 Kjøp av varer og tjenester	21 962	19 268
13 Overføringer og tilskudd til andre	3 895	3 749
14 Avskrivningar	4 115	3 759
15 Sum driftsutgifter	90 827	83 021
16 Brutto driftsresultat	-2 949	-3 452
<b>Finansinntekter</b>		
17 Renteinntekter	240	290
18 Utbytter	1 200	1 000
19 Gevinstar og tap på finansielle omløpsmidlar	0	0
20 Renteutgifter	630	530
21 Avdrag på lån	1 220	1 300
22 Netto finansutgifter	-410	-540
23 Motpost avskrivningar	4 115	3 759
<b>24 Netto driftsresultat</b>	<b>756</b>	<b>- 233</b>
	0,86 %	-0,29 %
<b>Disp. eller dekning av netto driftsresultat:</b>		
25 Overføring til investering	806	0
26 Avsetningar til bundne drifts fond	0	0
27 Bruk av bundne driftsfondfond	0	0
28 Avsetning til disposisjonsfond	0	0
29 Bruk av disposisjonsfond	-50	-233

30 Dekning av tidligere års merforbruk	0	0
31 Sum disponeringer eller dekning av netto drift	756	-233
32 Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)	0	0

### 3.2 Investeringsbudsjett 2022

	Framlegg 2023	Budsjett 2022
<b>Bevilgningsoversikt - investering (budsjett)</b>		
1 Investeringar i varige driftsmidlar	12 591	4 950
2 Tilskot til andre sine investeringar	0	0
3 Investeringar i aksjar og andeler i selskap	225	210
4 Utlån av egne midlar	0	0
5 Avdrag på lån	310	310
<i>6 Sum investeringsutgifter</i>	<i>13 126</i>	<i>5 470</i>
7 Kompensasjon for meirverdiavgift	2 379	850
8 Tilskot frå andre	0	0
9 Sal av varige driftsmidlar	3 500	0
10 Sal av finansielle anleggsmidlar	0	0
11 Utdeling frå selskap	0	0
12 Mottatte avdrag på utlån av egne midler	180	220
13 Bruk av lån	6 000	2 000
<i>14 Sum investeringsinntekter</i>	<i>12 059</i>	<i>3 070</i>
15 Vidare utlån	0	0
16 Bruk av lån til vidare utlån	0	0
17 Avdrag på lån til vidare utlån	0	0
18 Mottatte avdrag på vidare utlån	0	0
19 Netto utgifter vidare utlån	0	0
20 Overføring frå drift	806	496
21 Netto avsetningar til eller bruk av bundne investeringar	0	1 904

22 Netto avsetningar til eller bruk av ubunden investeringar	261	0
23 Dekning av tidligere års udekket beløp	0	0
24 Sum overføring fra drift og netto avsetninger	1 067	2 400
25 Framført til inndekning i seinare år (udekt beløp)	0	0



Tiltak	Kostnader inkl. mva*	Står og på budsjettet i 2022	Prosjektnr.
<b>Administrasjon</b>			
Eigenkapitaltilskot KLP	225		120006
<b>Bistand til etab. og oppret. av eingen bustad</b>			
Avdrag etableringslån	310		283006
<b>Helsestasjon</b>			
Familiens hus	628		241201
<b>Institusjonslokaler</b>			
Fedje helsetun	500	X	261005



<b>Gamlebanken næringsbygg</b>			
Ombygging	4 763		320301
<b>Avløpsnett/innsamling av avløpsvatn</b>			
Pumpestasjon for kloakk på Kopper	700	også i 18,19, 20, 21	353001
<b>Gravplassar og krematorie</b>			
Utviding av gravplassen	6 000	X	393004
<b>SUM</b>	13 126		

## Gjennomførte investeringar i 2022 og investeringar i 2023

**Tømmeanlegg for bular:** Gjennomført

**Turløypa:** Gjennomført

**Ny dør og rehabilitering av venterom på legekantoret:** Utført

**Pumpestasjon for kloakk på Kopper:** Ikkje gjennomført. Me tar sikte på å få gjort dette arbeidet i 2023.

**Planlegging av utviding av kyrkjegarden:** I rute. Vil bli gjennomført i 2023 med politisk godkjenning av prosjektet.

**Ombygging av helsestasjonen til familiens hus.**

**Ny papp på tak sjukeheimen:** Etter ny vurdering er det ikkje behov for å skifte papp. Dette kan utsetjast til ein gjer eit større arbeid med å skifte ut gesims.

**Fedje helsetun:** Har ikkje blitt satt i gang i 2022. Utgreiing av prosjektet (løysing, behov og tidsperspektiv) i 2023 i tillegg til utgreiing av ventilasjonsanlegg i den gamle delen av sjukeheimen.

**Ombygging av Gamlebanken** i samband med at kommunehuset er i dårleg teknisk stand

Det har vært store utskiftingar på teknisk i 2022 og dette har ført til at investeringsprosjekta ikkje har blitt følgt opp slik som forventa.

## 4. Visjon og mål

Slik formulerer kommuneplanen den *langsiktige visjonen* for Fedjesamfunnet:

*«Fedje skal vera landsbyen i havet – eit levande samfunn som tilbyr rom for utvikling og nyskaping i næringslivet, særleg retta mot maritim sektor og turisme, eit godt og trygt bu- og oppvekstmiljø, eit rikt kultur- og lagsliv og unike friluftsopplevingar.»*

*Landsbyen i havet* er – og må vera – rettesnora for vårt daglege arbeid med å gje gode tenester, samt i alt planarbeid for å styrka kvalitetane og la fleire innbyggjarar og gjester ta del i dei.

### 4.1 Overordna mål for perioden 2023 - 2025

Folketalsutviklinga har utvikla seg negativt det siste året og er 2. kvartal 2022 på 496 personar. Tala i barnehage går litt fram og tala for skule går tilbake. Tiltak for å få opp folketalet dei neste åra må derfor ha høgaste prioritet. Dette gjeld spesielt tiltak for å halda på og få fleire barnefamiliar til Fedje. I tillegg til gode levekår samt god og stabil ferjedrift er fleire og varierte arbeidsplassar nøkkelen til å få folketalsutviklinga i positiv retning. Her må kommunen dra nytte av smådriftsfordelar som raske og korte slutningsprosessar for å gjera kommunen mest mogeleg attraktiv for alle som ønskjer å skapa nye arbeidsplassar i Fedje kommune. I tillegg til dette er også utsiktene for Fedje kommune sin økonomi dårlege, noko som igjen gjer det krevjande å planleggja nødvendige investeringar i åra framover.

- Auke folketalet
- Leggje best mogeleg til rette for nye arbeidsplassar
- Kontinuerleg arbeide for betra levekår for alle
- Sikre god og stabil ferjedrift og gode kommunikasjonar
- Betra framtidsutsiktene for Fedje kommune sin økonomi

## 4.2 Tenestemål og styringsmål

### *Ansvar 1000 Kommunedirektør*

Kommunedirektøren har det overordna administrative ansvaret for at kommunen til ei kvart tid er hensiktsmessig organisert og at dei avgrensa midlar ein har til rådvelde vert godt utnytta. Dette er eit evigvarande arbeid som aldri vert ferdig. Det som var godt nok "i går" vil truleg ikkje vere godt nok "i morgon". Ny teknologi og nye løysingar må her takast i bruk slik at ein kan vidareutvikla ein stabil og framtidretta organisasjon med eit godt sørvis- og tenestetilbod til innbyggjarane. Det er ikkje budsjettert med endringar av tal tilsette frå 2022 til 2023. Me har fleire stillingar som er ubesett. Det er ei stor utfordring å rekruttere tilsette til kommunen, i alle sektorar. Dette får konsekvensar for tenestetilbodet me leverer. Det er særst vanskeleg å rekruttere i ein marknad med tilnærma 0 arbeidslause i samfunnet. Framover vil det bli viktig å være kreativ i måten me rekrutterer på, bygge godt omdøme og marknadsføre oss slik at fleire ynskjer å arbeide i Fedje kommune.

### Teneste 1000 politisk styring

I 2021 vedtok kommunestyret å ikkje gje møtegodtgjersle, og at varaordførar skulle gå ned 4 % i godtgjersle for eit år. (K 107/20). Det er i dette framlegget budsjettert med utgifter til møtegodtgjersle i 2023 på same nivå som i 2022. Tapt arbeidsgodtgjersle vert kompensert etter vedtekne retningslinjer.

### Teneste 1201 Personalavdeling og 1204 Oppfølging av personalplan

#### Tenestemål 2022

- E-læring som del av mottak nye tilsette og generell kompetanseutvikling.
- Vidare styrking av fagleg kompetanse på personal – både på personalavdeling og blant personalleiarane.

#### Tenestemål 2022-2025

- Fedje kommune skal vere ein god, stabil og langsiktig arbeidsgjevar.
- Fedje kommune har fire mål i arbeidsgjevarpolitikken:
  - Kompetanse.
  - Å gjera oss stolte av eigen arbeidsplass.
  - Heilskapleg tenking.
  - Samhald.

Konkretisering av mål og tiltak finst i personalplanen.

Ingen større endringar i 2022. Til saman 1 årsverk. Teneste 1204 inneheld bl.a. julebord og gåver til tilsette ved jubileum, felles kursing mm.

Interkommunale samarbeid:

Opplæringskontoret for Nordhordland. Hjelper oss med oppfølging og det juridiske rundt lærlingar. Veldreve kontor som vert finansiert av delar av lærlingtilskotet frå fylkeskommunen.

## Teneste 1202 Økonomiavdeling

Økonomiavdeling i Fedje kommune består av lønnskonto, rekneskapskonto, fakturering og fakturamottak. Her er det til saman 1,8 årsverk fordelt på 2 stillingar. Dette består av 80 % stilling som kontormedarbeidar og 100 % stilling økonomisjef/IKT-ansvarleg. Grunna oppgåver innan IKT er løna til økonomisjefen fordelt 80 % under økonomiavdelinga og 20 % under IKT.

Sidan sumaren 2022 har stillinga som kontormedarbeidar stått vakant. I eit forsøk på å rekruttere ny tilsett, vart det i juni lyst ut etter 100 % stilling som lønnsmedarbeidar. Diverre kom det ingen kvalifiserte søknadar inn. Frå 2023 er det planlagt å inngå tenesteavtale med Visma om fast handtering av lønn- og refusjonskøyring. Det vi parallelt bli jobba med å få på plass ny medarbeidar på lønnskontoet.

Økonomisjefen innehar også rolla som Husbanken sitt bustadkontor i Fedje kommune. Oppgåvene består av handsaming av søknadar om start-/etableringslån, tilretteleggingstilskot og bustønad.

### Tenestemål 2023

- Få bemanning på plass på avdelinga igjen.
- Etablere tenesteavtale med Visma for køyring av lønn og refusjonar.

### Tenestemål for 2023-2026

- Framleis levere stabile og langsiktige tenester.
- Halda på den kompetansen som mange år med erfaring og samarbeid har gjeve.

## Teneste 1203 Fellestenester

### Tenestemål 2023

- Arbeide med meir effektiv bruk av Websak i organisasjonen.
- Ta løysingane i Office 365 i full bruk i heile organisasjonen.
- Organisera og gjennomføra val, fylkestingsval og kommuneval 2023.

### Tenestemål 2023-2026

- Halde på det kompetansenivået på fellestenester.
- Best i landet på sørvis.
- Innlevere alle papirarkiv til depot.

Fellestjenester er postmottak, arkivtjenester, saksbehandlarar, møtesekretariat, innbyggjartorg/telefon, heimesider og kommunikasjon, til saman 1,6 årsverk frå 01.08.22, samt 0,3 årsverk nytta på kulturadministrasjon (ansvar 1100) og 0,2 årsverk på kommunikasjon. Me opplever at dette er i minste laget for å dekke lovpålagte oppgåver og ansvar, fordi nasjonale krav aukar og samstundes som det er svært vanskeleg å få tak i vikar ved fråvær pga. spesialiserte oppgåver og kompetanse.

Krava til arkiv og arkivkompetanse er aukande. Samstundes har Fedje kommune, som alle andre kommunar, gått til innkjøp av mange ulike datasystem for å arbeide meir effektivt. Mange av desse oppfyller ikkje dei standardane dei må, i følgje arkivlova. Det kan gå bra heilt til datasystemet vert avslutta – t.d. når me kjøper nytt system, eller leverandør gjer større omleggingar. Då risikerer me at me ikkje lenger har tilgang til informasjonen som ligg i systema – medan me som kommune er pålagt å ta vare på opplysningane i mange år. Kommunane i Nordhordland jobbar no saman med IKAH om å få til felles innsynsløysing i digitale dokument i utgåtte system. Dette må me etter lova, men det kjem til å koste. Dette er ikkje lagt inn i budsjettet eller økonomiplanen no, fordi me enno ikkje veit noko om tidsplan eller økonomi.

Interkommunale samarbeid:

IKAH – Interkommunalt Arkiv Hordaland. Arkivlokala i Fedje kommune er ikkje eigna til langtidslagring for papirarkiv. Det er eit mål for arkivtjenesta å levere mest mogleg av arkivmateriale til IKAH (Interkommunalt Arkiv Hordaland) som me er medeigarar i. Dei er vår felles arkivfaglege kompetanse, og langtidslagrar både papir og elektronisk arkiv for oss i tråd med nasjonale standardar. Samarbeidet kostar for 2023 kroner 263200 i året, og utgiftene aukar for at Fedje kommune skal klare å halde lovkrava i arkivlova og etter GDPR (personvernforordninga).



## **Teneste 1205 IKT**

IKT Nordhordland vart skipa i september 2011 etter ein vertskommunemodell, der Osterøy kommune var vertskommunen. Frå 01.01.2020 var dei organisert som eit kommunalt oppgåvefellesskap etter kommunelova § 19.

Organisasjonen har ansvar for IKT-tenester til Fedje kommune og alle dei andre kommunane i Nordhordland – mellom anna brukarstøtte, teknisk drift, tryggleik, innkjøp og IKT-strategi. Pliktene organisasjonen har, er beskrivne og vert regulert gjennom ein tenesteleveringsavtale og ein datahandsamaravtale mellom IKT Nordhordland og kvar einskild kommune. Økonomisjefen er Fedje kommune sin kontaktperson inn mot IKT Nordhordland, og kommunen si lokale supportteneste. Kommunedirektøren sit i styret for IKTNH og er der med på å leggje rammevilkåra.

### **Tenestemål 2023**

- Levere trygge og gode løysningar til brukarane.
- Utvida samarbeidet til å gjelde fleire kommunar.

### **Tenestemål 2023-2026**

- Utvikla tenestene vidare.

## **Teneste 1802 Eldreråd**

Her er det budsjettert med møtegodtgjersler og noko til eldredagen.

## **Teneste 2311 Ungdomsråd**

Her er det budsjettert med møtegodtgjersler og kr 10 000,- til fri disposisjon for rådet.

## **Teneste 2331 Bedriftshelseteneste**

Fedje kommune har avtale med den godkjente bedriftshelsetenesta Salutis for tenester til ca. 60 000 kr, resten kan nyttast til andre naudsynte tiltak. Det vert laga årleg plan for førebyggjande arbeid.

## **Teneste 3250 Tilrettelegging og bistand for næringslivet**

Kommunedirektøren foreslår å fjerne pendlartilskot på grunn av at ferja blei gratis i 2022.

### Teneste 3255 Reiseliv

Denne posten dekker turistinformasjon, medlemskap i ulike reiselivssatsingar, annonsering samt domeneutgifter og liknande. Det er ikkje lagt inn auke frå 2022 til 2023. Beløpet som er satt av er kr 70 000,-.

### Teneste 3900 Den norske kyrkje

Det er ikkje lagt inn auke i 2023. Beløpet er som i fjor kr 1 125 000,- .

### Teneste 3920 Tilskot til trus- og livssynssamfunn

Denne tenesta er overtatt av staten frå 01.01.2021, og går difor ut.



## Ansvar 1100 Kulturtenester

### Tenestemål 2023

Skape felles forståing for den kommunale kulturoppgåva mellom tilsette på kultur, organisasjonen for øvrig og med våre folkevalde. Mål: Felles mål/plan og energi gjennom samarbeid

Fedje kommune har vanlegvis eit engasjert kulturliv med både private næringsinteresser, og frivillige lag og organisasjonar. Forventningane til kommunen sitt kulturengasjement er høge, i samband med koordinering og søking av midlar frå frivillige organisasjonar, lyd/lys/oppfølging av andre sine arrangement, museum og historielag, kulturminneplan, festivalar/kulturdagar, oppfølging av reiseliv, interkommunale fellesprosjekt på kultur som t.d. UKM, marknadsføring, kulturkalender mm. Det er ikkje mogleg å innfri desse forventningane med dei stillingsressursane me har no. Det er difor viktig at me skapar ei felles forståing mellom administrasjon og politikarar, samt i organisasjonen, om kva me skal nytte kultureressursane på framover.

Økonomisk ligg me samla sett på same nivå som i 2022.

### Teneste 3700 Bibliotek

#### Tenestemål 2023

- Følgje opp eksisterande prosjekt retta mot barn og unge.
- Halde opent bibliotek heile året, trass vikarbehov.

#### Tenestemål 2022-2025

- Vere møteplass for alle.
- Fremje leseglede til barn og unge.
- Ha eit godt boktilbod.

Me har 50% biblioteksjef kombinert med 50% kultur/kommunikasjon/fellestenester. Dette året har me ein vikar inne som Biblioteksjef i 50% stilling og ein vikar inne på kommunikasjon i 50%. Biblioteket vert mykje nytta av befolkninga og skulen. Det har vore fleire ulike arrangement der dette året. Me har hatt "Sommarles", skrivekurs for mellomtrinnet, konsert og teaterframsyning. Biblioteket har hatt godt besøk på desse arrangementa. Biblioteket har nyleg kjøpt inn mange nye bøker og satsar på mykje besøk og i 2023. I tillegg har me fått eit sjakk og ludobord som er blitt veldig populært.





## Teneste 3750 Museum

Fedje er med i eit regionalt museumssamarbeid: Kulturverntenesta i Nordhordland. Her kan innbyggjarar i Fedje kommune få museumsfagleg hjelp til t.d. å søkje om midlar til å ta vare på kulturminne.

## Teneste 3812 Fleirbrukshall

Her vert kjøp av utstyr inne i hallen og leigeinntekter ført. Fleirbrukshallen vert styrt av eit eige styre. Etter koronaperioden, har aktiviteten i hallen auka og det er mykje aktivitet her, både på treningsrommet, på spinning og ulike aktivitetar i hallen på ettermiddag og kveld. Bowlinghallen er no oppe å går igjen, og me satsar på mykje aktivitet her og.

## Teneste 3830 Musikk og kulturskular

Kulturskulen i år hatt ein stor auke av søkjarar og me auka stillinga midlertidig til 60% stilling som rektor inkludert undervisning. Det er i tillegg satt av nokre midlar til innleige av lærekrefter, samt ca. 10% til tilsetjing lærar, etter kva lærekrefter som er tilgjengelege. Ved oppstart hausten 2022 har me over nesten 30 elevar i kulturskulen, samt undervisning av korpset.



*Korpsaspirantar*

## Teneste 3850 Andre kulturaktivitetar og tilskot til andre sine kulturbygg

Kulturmidlane ligg i 2022, som vanleg, på 110 000 kr.

## Teneste 3854 Kulturell spaserstokk

Nokre tilskotsmidlar her til kulturopplevingar spesielt til eldre. I tillegg kjem det tilskot og billettinntekter, så ramma for bruk er vanlegvis ca. 30 000, men ingen utgifter for kommunen.

## *Ansvar 2000 Levekår*

Ansvar 2000 Levekår inneheldt dei ulike helse – og omsorgstenestene me har i Fedje kommune, og dei me kjøper frå andre kommunar. Kommunalsjef for helse og omsorg har ansvar for å leie arbeidet med å utvikle, fornye og styrke samarbeid- og fagansvar innanfor dei ulike tenestene.

### **Teneste 2320 Førebygging – Helsestasjon og skulehelseteneste**

Helsestasjon- og skulehelsetenesta har som føremål å fremja fysisk, psykisk og sosial helse, og førebyggja sjukdom og skade. Helsestasjonen er i ein unik posisjon til å komma i kontakt med born i alderen 0 - 5 år og deira føresette. Skulehelsetenesta er i god posisjon til å utgjevne sosiale helseskilnader ved å ha kontakt med alle elevar i skulen. Fedje kommune kjøper helsesjukepleiarteneste frå Austrheim kommune tilsvarande 40 % ( 2 dagar) I tillegg er helsesjukepleiar i prosjektstilling ut 2023 med midlar frå helsedirektoratet tilsvarande 20 %. Dette gjer at det er helsesjukepleiar på Fedje tre dagar i veka. Det er ikkje lagt inn større endringar i budsjettet for 2023.

#### **Tenestemål for 2023**

- Auke tilbodet og gjennomføre undervisning i fleire klassetrinn enn tidlegare år.
- Fremja tverrfagleg samarbeid for å betra og sikra god kvalitet på tenesta til born, unge, føresette og familiar.

#### **Tenestemål for 2023-2026**

- Styrke og utvikle helsestasjon og skulehelsetenesta.
- Godt og utviklande samarbeid på tvers av tenestene til beste for born, unge og føresette.

### **Teneste 2411 Fysioterapi**

Fysioterapitenesta skal gje teneste til dei som oppheld seg i Fedje kommune. Fysioterapitenesta driv med både instituttverksemd og heimebesøk, har no delt ansvar for hjelpemiddelformidling med ergoterapeuten og gir teneste til sjukeheimen. Mobilitetstrening i tempert basseng og småbarnstrim er lågterskeltilbod som ligg under denne tenesta. Me har eit stort fokus på å tilby eit godt fysiske tilbod til alle, og styrke folkehelsa i kommunen.

#### **Tenestemål for 2023**

- Oppstart av styrketreningstilbod for generell helse
- Lågterskeltilbod for barn og mobilitetstrening for eldre
- Tverrfagleg arbeid

### Tenestemål for 2023-2026

- Kvardagsrehabilitering
- Søkelys på å oppretthalde styrke, funksjon og tryggleik til å bu heime så lenge ein kan
- Ha ein oppdatert plan for habillitering og rehabilitering

### Teneste 2413 Ergoterapeut

Fedje kommune kjøper ergoterapiteneste i 25 % frå Austrheim kommune. Ergoterapeuten bidreg med kartlegging, tilrettelegging, opplæring, trening og hjelpemiddelformidling i bustad.



## *Ansvar 2100 Fedje skule*


Skulen på Fedje er delt i fire område; grunnskulen, skulefritidsordninga, vaksenopplæringa og den kulturelle skulesekken. Til saman har me no 16,2 årsverk knytt til skulen. I tillegg kjem 1,6 årsverk til reinhald av skule og symjehall.

### **Teneste 2020 Grunnskulen**

Skuleåret 2022/2023 har me seks aldersblanda elevgrupper i grunnskulen, med ein kontaktlærarstilling knytt til kvar gruppe. Det er i år 4 -15 elevar i kvar gruppe, og totalt er det 60 elevar ved skulen. Noko som er ein svak oppgang frå førre skuleår. Auken i elevtal skuldast at vi har teke imot flyktningar frå Ukraina, noko som har resultert i sju nye elevar på barneskulen, og det har vore tilflytting av barnefamiljar til Fedje.

Skuleåret 2023/2024 vert det fem elevgrupper ved skulen, med 8 -15 elevar i kvar gruppe. Slik det ser ut no vert det 62 elevar ved Fedje skule frå og med hausten 2023.

Inndelinga gjer at me har ei stabil samansetning av gruppene over tid, og elevane veit kven dei skal gå i klasse med i åra framover. Dette gjev grunnlag for å byggje gode lærings- og klasse miljø. Skulen ønskjer å kunne halde på denne inndelinga nettopp for å ha kontinuitet i samansetjinga av elevgruppene. Små grupper og tettare oppfølging av kvar enkelt elev er viktige tiltak for å oppretthalde ein god skule på Fedje. Vert aldersspranget for stort i elevgruppene vil det kunne påverke kvaliteten i opplæringa. Stadig skifte i kven ein går i klasse med vil og kunne ha ei negativ innverknad på skulemiljøet.



Dei siste åra har ein hatt færre elevar som har fått spesialundervisning, og den spesialundervisninga som vert gitt har gått føre seg i klasserommet. Dei ressursar som tidlegare var knytt opp til spesialundervisning for einskildelevar, vert no nytta til styrking av heile elevgruppa. Dette er i tråd med dei nasjonale retningslinjene for spesialundervisning. Inkludering i skulen handlar om at alle elevar skal oppleve at dei har ein naturleg plass i fellesskapet.

Austrheim kommune har fått tilskot til kompetanseheving i høve det at kompetanseløftet innan spesialpedagogikk vert innført frå 2025. Desse midlane kjem og Fedje skule til gode gjennom samarbeid mellom kommunane knytt til Fensfjorden PPT. Dette skuleåret har me ein lærar som tek vidareutdanning i spesialpedagogikk.



*Klargjering av suppa til haustfest for 1-5 klasse.*



*Biletmosaikk 1.-7. klasse*

Overføringane frå staten til grunnskulen er sterkt knytt til elevtal i kommunane. Dette gjer at me er ekstra sårbare. Låge elevtal gjer at me får mindre inntekter til å drive skule for, samstundes som krava til kompetanse hjå personalet vert høgare og lærarutdanninga vert meir spesialisert. Vert inntektene for låge vil me få vanskar med å kunne oppfylle kompetansekrava til dei som skal tilsetjast og undervise i grunnskulen.

Kompetansekrava, sett i samanheng med at det er utfordrande å rekruttere og behalde lærarar hjå oss, gjer at me må tenkje langsiktig i høve tal stillingar og i høve kompetansehevingstiltak. Me må difor kunne tilby vidareutdanning til dei lærarane me ser at ønskjer å bli her. Målet vidare er auka kompetanse i norsk for ungdomstrinnet, og innafor spesialpedagogikk.

Skulen held fram med dei to pågåande utviklingsarbeida «inkluderande barnehage- og skulemiljø» og Los-prosjektet. Los for ungdom, som er eit treårig prosjekt, skal vera med og hjelpe dei elevane som slit med å komme på skulen, og som dermed kan få vanskar med å gjennomføre grunnskule- og vidaregåande opplæring. I tillegg skal ein halde fram med dei to programma «Aart» og «trivselseiar» for å betre skulemiljøet til elevane.

På bakgrunn av noko låge resultat i dei nasjonale prøvane i lesing, rekning og engelsk, er Fedje skule valt ut til å ta del i UDIR si oppfølgingsordning. Gjennom denne ordninga får kommunen tilbod om støtte og rettleiing over ein periode på tre år for å få hjelp til å skape betre læringsmiljø og læringsresultat for elevane i kommunen. Dette skuleåret skal me, i samarbeid med NLA Høgskolen, ta

ei avgjerd på kva tiltak som skal gjennomførast i treårsperioden. I samband med denne ordninga får kommunen økonomisk støtte frå Utdanningsdirektoratet. Skulen har allereie i samarbeid med PPT starta eit arbeid med å styrkje lese- og skriveopplæringa hos dei yngste elevane. Me har planar om å etablere lesekurs kvart år, men høgt sjukefråvær og mangel på faglærarar gjer at det er utfordrande å få gjennomført dei planlagde tiltaka.

## Teneste 2150 skulefritidsordninga

Skulefritidsordninga (SFO) er eit ikkje-pedagogisk tilbod før og etter skuletid til born frå 1. til 4. klasse, og for born med spesielle behov frå 1. til 7. klasse. I den nye rammeplanen til SFO heiter det at: «*Barndommen har sin egenverdi, og SFO skal, i samarbeid og forståelse med hjemmet, ivareta barnas behov for omsorg og tilsyn, samtidig som det gis rik mulighet for meningsfull fritid og lek*».

SFO heldt for det meste til i skulen sine lokale, og nyttar uteareala ved skulen. Det har no i haust vore ein nedgang i tal elevar som nyttar SFO, og ein ser at det mest sannsynleg vert færre born på SFO i 2023. Brukarbetalinga vil difor ikkje dekkje utgiftene til løn i 2023. For elevane i 1. klasse har me no ei ordning der dei får gratis SFO i tre dagar for veka, noko som svarar til dei lovpålagte 12 timar gratis SFO. Til no har det vore to vaksne på SFO tre dagar for veka. Dette vil ein mest sannsynleg ikkje kunne halde fram med i 2023. Noko som vil kunne føre til at elevane ikkje får eit like variert tilbod i høve aktivitetar på SFO.

Ein vil framleis sjå på organiseringa av SFO. Me er sårbare i høve det å få kvalifiserte vikarar inn ved sjukdom, og eit nærare samarbeid med barnehagen vil kunne gje ei gevinst både når det gjeld bemanning og økonomisk innsparing.



*Rektor og ass.rektor stiller opp for elevane!*

## Teneste 2130 Vaksenopplæringa

Hausten 2022 starta ein opp att undervisninga ved vaksenopplæringa i Fedje kommune. Vaksenopplæringa er no lokalisert i Hjartebanken. Der har ein innreia eit klasserom og kontorplass for lærar. Me har tilsett ein lærar i 50% vikariat for dette skuleåret. For tida har me 12 vaksne elevar som får opplæring i norsk- og samfunnsfag.

## Teneste 2021 Den kulturelle skulesekken

Midlane me får tildelt den kulturelle skulesekken er rekna ut i høve elevtal. Det er difor ikkje særleg mykje ein får kvart år. I 2022 samarbeida me med biblioteket og barnehagen for å gje dei yngste elevane gode kulturelle opplevingar. Ved å samarbeide får ein meir ut av kvar krone, nok som gagnar born og unge på Fedje. For 2023 er målet å nytte midlane til valfaget «Produksjon for scene» på ungdomstrinnet.

### Tenestemål i 2023

- Fagleg: Styrkje lese- og skriveopplæringa for dei yngste elevane.
- Sosialt: Gjennom IBS utvikle evne og kunnskap til å skape eit trygt og godt læringsmiljø for elevane, med fokus på fellesskap og samarbeid.
- Organisasjon: Utvikle eigen organisasjon til å kunne yte lovpålagte tenester på best mogleg måte, og for å kunne gje elevane våre eit trygt og godt læringsmiljø.

### Tenestemål 2023-2026

- Fedje skule skal halde fram meg å gje elevane ei likeverdig og tilpassa opplæring, sikra gjennom samanhengande årsplanar i alle fag.
- I tett samarbeid med barnehagen, skal skulen oppretthalde og vidareutvikle kunnskapen vår om å førebyggje, avdekke og handtere mobbing og andre krenkingar. Me skal samarbeide om å byggje eit inkluderande miljø for born og unge på Fedje.
- Sikre ei kontinuerleg utvikling av den einskilde tilsette sin faglege kompetanse for å skape gode resultat over tid.

### Interkommunale avtalar:

Ansvar for Pedagogisk-psykologisk tenester ligg til skulen. Fensfjorden PPT er eit interkommunalt samarbeid mellom Austrheim, Fedje, Gulen og Masfjorden, med Austrheim kommune som vertskommune. PPT omfattar tenester til born, unge og vaksne i Fedje kommune. Tenesta har eit administrativt fagråd med ein representant frå kvar kommune.

Fagrådet skal mellom anna:

- Drøfte og gje innspel til handlingsplan/årsplan og årsmelding for tenesta.
- Tilrå budsjett innanfor budsjetttramma.
- Drøfte PPT si rolle i heile opplæringsløpet.
- Vurdere fagsamansetjinga for tenesta.
- Tilrå eventuelle endringar av tenesta.

## Ansvar 2200 Fedje barnehage

### Teneste 2010 Barnehage

Barnehageåret 2022/2023 kunne me endeleg sjå ei auke i barnetalet. Me har lenge hatt eit stabilt lågt tal, men me ser at me no er på veg opp. Stortinget har vedtatt eit minimumskrav til grunnbemanning for barnehagar, både pedagognorm og bemanningsnorm. Dette vurderer me utifrå barnetalet kvart år, og tilpassar bemanninga utifrå barnetalet. Dersom me vil halde fram med ei auke i barnetalet, vil me også trenge fleire tilsette i barnehagen. Me ser at det er rekrutteringsutfordringar i distrikta, og dette er også noko barnehagen kan merke i framtida.

Det er ikkje lagt opp til å ta inn læring det kommande året. Barnehagen er positiv til å ta inn lærling, noko som også er ein av dei beste rekrutteringsordningane. Læretida består av opplæringstid og verdiskapingstid, der starten av læretida har mest opplæring, og på slutten mest verdiskaping. På sikt ser me at det kan vere gunstig å ta inn lærling innan oppvekst, med tanke på rekrutteringsutfordringar. Slik personalsituasjonen er no, er det ikkje rom for at ein skal kunne rettleie, gjere oppgåver og få tilbakemelding/vurdering på dette undervegs. Dersom Kommunestyret ynskjer, kan dei legge opp til ei rein lærlingstilling og budsjettere til den stillinga spesielt.

Kvart år søker barnehagen om tilskot til symjeopplæring som skal bidra til å gje born i alderen 4-6år tilstrekkeleg opplæring i løpet av barnehageåret.

Sommaren 2017 vart det innført heilårsopen barnehagen. Det vil sei at barnehagen er open alle dagar, bortsett frå planleggingsdagar og «raude dagar». Barnetalet er framleis lågt, og det vart derfor lagt opp til sommarstengt barnehage i 2021 og 2022. Dersom ein ynskjer å ha sommaropen barnehage kan brukarane sjølv velje når dei tar ut 3 veker av ferien sin, i perioden 15.juni – 15.august. Barnehagen vil då vere open heile sommaren, uansett barnetal, og alltid ha faste tilsette på jobb. Samstundes som dei også skal avvikle sin ferie. Dei faste tilsette må starta å ta ut sin ferie 15. juni, uavhengig om brukarane har gjort det same. Barnehagen må ha vikarar inn for dei faste tilsette i perioden 15.juni – 15. august for å sikre at me har bemanning innanfor minimumskravet. Med låg bemanning er dette ein «kabal» som ikkje «går opp». Barnehagen har, i denne innstillinga, også lagt opp til sommarstengt barnehage i 2023. Dei same vekene som SFO har stengt.



Barnegruppa i barnehagen er delt inn i to avdelingar, 0-3 år og 3-6 år. Kvar avdeling har ein pedagogisk leiar som avdelingsleiar. Som avdelingsleiar skal dei leia det pedagogiske arbeidet, og sørge for at barnehagelova og rammeplanen blir oppfylt. Dei skal planleggje, vurdere og utvikle arbeidet i barnegruppa. Kvar avdelingsleiar har krav på 4 timar planleggingstid i veka. Kvar pedagog kan ha 7 små eller 14 store barn i følgje pedagognorma. Slik barnegruppa er no, er barnehagen innanfor pedagognorma med to pedagogar. Dersom talet gradvis vil auke også i 2023 vil behovet for ein til pedagog, ikkje vere langt unna. Eit barn over norma, utløyser krav om ny fulltidsstilling som pedagogisk leiar.



Dei tilsette vil halde fram med kompetanseheving, likt som tidlegare. Barnehagen har fått tilskot til utviklingsarbeidet «inkluderande barnehage – og skulemiljø», saman med skulen. Fedje barnehage har nyleg blitt ein del av eit nettverk i forhold til «Dei utrulege åra» gjennom PPT Fensfjorden.

### Tenestemål 2023

- Barnehagen skal arbeide systematisk for å styrke borna sin sosiale kompetanse, og på denne måten skape eit god psykososialt miljø.
- Gjennom tett samarbeid med skulen, skal barnehagen sikre at borna sine forventingar samsvarar med det dei møter på skulen.
- Barnehagen skal vidare ha fokus på tett samarbeid med heimen. For å kunne gje borna best mogleg forutsetningar for utvikling og tryggleik.

### Tenestemål 2023 – 2026

- Barnehagen skal utnytte heile uteområdet med inspirerende leikeområde til bornas frileik.
- Sikre at den gode kompetansehevinga blir oppretthaldt, og at ny kompetanse blir implementert i barnehagekvardagen.
- I tett samarbeid med skulen, skal barnehagen oppretthalde og vidareutvikle kunnskapen vår om å førebyggje, avdekke og handtere mobbing og andre krenkelsar. Me skal samarbeide om å byggje eit inkluderande miljø for born og unge på Fedje.



## *Ansvar 2300 Pleie og omsorg*

### **Teneste 2340** Aktivisering og servicetenester for eldre og personar med nedsett funksjonsevne

Frå 01.07.2022 vart ansvaret for arbeidskøyring for personar med nedsett funksjonsevne som ikkje kan bruke offentleg trafikk overført frå fylkeskommunen til kommunane. Omfanget til denne lovpålagte teneste er varierende og avhengig av kor mange brukarar me har, og kor dei har sin tilrettelagt arbeidsplass.

Matombringning er eit førebuande tilbod og vert rapportert under KOSTRA 234 – førebuande tenester. Utgifter på matombringning vert budsjettert og rekneskapsført under 2531 (sjukeheim) og det er ikkje mogleg å skilje kostnader for matlaging på sjukeheimen og for matombringning. Det vil føre til eit avvik med at kostnader vert ført under 253 – helsetenesta i institusjon, medan inntektene skal førast under 234 – helsetenesta utanfor institusjon.

Syns- og audiopedagogisk teneste (SAPT) er ei interkommunal teneste for innbyggjarar i tidlegare Hordaland. Dei kan tilby råd, rettleiing og oppfølging i forhold til utfordringar ved syns- og/eller høyrselstap.

### **Teneste 2341** Rus og psykisk helse, dagaktivitetstilbod for heimebuande demente

Lågterskel tilboda frå rus og psykisk helse er godt brukt, både for vaksne og barn. Kafé tilbodet er meint til å vera ein aktivetskafé med ulike aktivitetar og innslag. Me ynskjer og at det skal vere ein møteplass òg for menn, men har utfordringar knytt til å rekruttere menn til våre tilbod. Me ser behov for å gjere nokon endringar for å implementere fleire aktivitetar og ha ulike innslag for å skape involvering av fleire brukargrupper, men opplever at brukargruppa som nyttar tilboda ikkje ynskjer endringar i dagens kafé.

Me har ei auke i personar som har behov for individuell oppfølging, dette er tids- og personalkrevjande. Både individuell oppfølging og lågterskel tilbodet er avhengig av nok bemanning. Sjukefråvær er største utfordring og med er ekstra sårbare sidan det er vanskeleg å rekruttere vikarar. Stramme rammer rundt tenesta og tal tilsette gir utfordringar med å oppretthalde alle lågterskeltilbod. Hausten 2022 har me nytta ein anna ressurs i kommunen for å oppretthalde eit tilbod for barn og unge.

Psykologstillinga på 20 % ligg under rus og psykisk helse og er ein dei kjøpte tenester av Austrheim. Det skal vera ein lågterskeltilbod til innbyggjarane i kommunen, gratis og ein treng ikkje tilvising frå lege. Per i dag er stillinga ikkje bemanna og det har ikkje lyktast med rekruttering hittil. Ein ser no på fleire moglegheiter korleis ein kan tilsetje psykolog.

### Tenestemål 2023

- Tenesteapparatet er tilgjengeleg, variert og heilskapleg og bidreg til ei aktiv og meningsfylt tilvære i fellesskap med andre.
- Alle interne tenester har auka kompetanse om rus og utfordringar med avhengigheit.
- Tenesta har fokus på førebuande aktivitetar og informasjonsarbeid.

### Tenestemål 2023-2026

- Innbyggerane, særleg dei som har behov for eller nytte av tilboda, er godt kjende med og har moglegheit til å bruka tilbodet til rus og psykisk helse. Det er stort fokus på god brukarmedverknad.
- Hjartebanken er ein møteplass for alle. Tenesta bidreg til ei aktiv og meningsfylt tilvære i fellesskap med andre. Rus & Psykisk helse er eit lågterskeltilbod prega av stabilitet og tryggleik.
- Tenestetilbodet og informasjon om rus relaterte problemstillingar og rask tilgjengeleg helsehjelp er ein del av det heilskapane arbeidet i kommunen og er synleggjort. Personar som står i fare for å utvikle eit rusproblem vert fanga opp og hjelpt tidleg.
- Tenesta for rus og psykisk helse utviklar og utvidar seg etter nasjonale føringar og innbyggerane sine behov.
- Rus og psykisk helse har godt samarbeid med andre tenesteytarar innan helse og omsorg, både kommunalt og regionalt.

### Teneste 2343 Velferdsteknologi

Kommunen har fleire ulike teknologiske tryggleiksskapande løysingar som innbyggjarane kan nytte seg av. Per i dag er tryggleiksalarmen den einaste løysinga som er i bruk. Velferdsteknologiske løysingar er implementert som del av tenestetilbodet. Fakturering frå leverandør gjer det vanskeleg å skilje kostnadar frå kvarandre, difor kan det komme til skeivfordeling mellom budsjett og rekneskap.

### Teneste 2530, 2531, 2541 Administrasjon pleie og omsorg, sjukeheim, heimesjukepleie

Sidan sjukeheimen og heimesjukepleie er ein kombinert teneste, vart budsjettet i lønsamheng splitta med 80-20 %. Personalet som går ut i heimesjukepleie skal rekneskapsførast på same måte for å få eit såleis reelt inntrykk av kostnadar som høyrar til heimesjukepleie. Einaste kostnad som ikkje kan delast, er innkjøp av medisinsk forbruksmateriale som berre vert budsjettet og rekneskapsført under sjukeheimen, mens forbruket ligg både på sjukeheim og i heimesjukepleie.

Dei pasientane som får plass på sjukeheimen er godt kartlagt og har eit stort behov for døgkontinuerleg hjelp. Me får klare signal frå departement at me skal arbeide tverrfagleg for å styrke dei eldre til å ha funksjon til å bu heime så lenge dei kan. Me arbeider kontinuerleg for året

2023 med reforma «leve heile livet» og kommunen har eit tverrfagleg team som deltek i det gode pasientforløp. Dette er gode tiltak som vil førebu kommunen mot dei prognosane nasjonale mynde signaliserer.

Me ser ei auke i behov for rullerande avlastning og dagopphald på sjukeheimen. Pasientar som nyttar dagtilbod på sjukeheimen har godt helsefremmande utbytte av at det er aktivtør på arbeid til dei tidene.



Personalgruppa er svært engasjert og omsorgsfull, men sårbar. Hovudårsaka er sjukefråvær og rekruttering. Det er mykje sjukefråvær, særleg langtidsfråvær. Me har i utgangspunktet lagt opp til ei god grunnbemanning, men me har stor utfordring på å rekruttere nok personell til å dekke opp turnusen slik den er i dag. Grunnbemanning på sjukeheimen er fem på dagvakt, tre på kveld og to på natt. Behov for tilpassing og auke av personale vil heile tida vera der, særleg ved krevjande brukar og dersom det vert brukar for augeblikkeleg hjelp seng. Dette vert vurdert fortløpande. Nytt for 2023 er at avtalefesta tillegg for kveld/nattarbeid og helg vert auka frå fastsats pr time til fast prosentdel per time. For kommunen har me ein antatt auke på rundt 500 000 kr.

Me har fått midlar frå tilskotsordninga for aktivitetstilbod og besøksvert som er nytta til bygginga av ein flott sansehage. I 2023 ønskjer me å plante fleire fargerike blomar, nokre grønsaker i drivhuset og sette opp eit gjerde slik at alle kan ferdes trygt. Sansehangen er eit godt tiltak for å bruke sansane og fremme bevegelse i frisk luft. Målet er å få møbler til pergolaen slik at me har fleire sitjegrupper ute, og kan skjerme oss mot vind.

### Tenestemål 2023

- Oppnå ein stabil personalsituasjon for å kunne yte gode tenester.
- Personalet har god kunnskap og verktøy til god legemiddelhandtering.
- Forbetre rutinar for god pasientoppfølging.

## Tenestemål 2023-2026

- Personalet i pleie og omsorg er trygge i sitt arbeidsområde med rett kompetanse og rett bemanning.
- Tenestetilbodet er forsvarleg, synleg, brukarvenleg og tilpassa den enkelte sine behov.
- Brukarane og pårørande vert tatt med i slutningar med god dialog og informasjon.



*Arbeid med sansehagen*

## Teneste 2542 Praktisk bistand

Per i dag er det 65 % stilling. Timane som ikkje vert brukt i heimehjelp vert brukt til andre oppgåva ved sjukeheimen, til døme nedvask av rom. Det vart jobba med ein omorganisering av tenesta for å kunne gje ein betre teneste til brukarane og for å inkludere vårt nye hjelpemiddellager.

## Ansvar 2500 Legetenester

Det er fire legar som er fast tilsette i kommunen. Legane har ei turnusordning kor dei arbeider èi veke i månaden på Fedje. Legen arbeider som fastlege, helsestasjonslege og sjukeheimslege på dagtid kvar dagar, og er i vaktberedskap resten av døgnnet samt i helg. Fedje Kommune har såleis lege tilgjengeleg 24/7/365. Det er ein kommuneoverlege og tre kommunelegar. I tillegg til dei fire legane er det tilsett ein sjukepleiar på legekantoret, denne stillinga vert frå 2023 auka til 60 %.

Med denne organiseringa har Fedje kommune no ei av dei beste fastlege- og legevaktordningane i Noreg. Tilbodet framover er meir føreseieleg, samt beredskap og tryggleik vil opplevast nærare for fastbuande og tilreisande.

## Teneste 2330 Miljøretta helsevern

Her ligg budsjettet for fastlegepraksis og kommunelegetenesta i Fedje kommune. I dette ligg det lønn til legar, sjukepleiar og reinhald, samt utgifter til reise-, kurs og konferanse. Inntekter til kommunen ved refusjonar og eigenandelar frå HELFO for behandling av pasientar, samt sal av medisin er også innan denne posten.

## Teneste 2410 Diagnose, behandling, rehabilitering

Utgiftene til drift av legevakt på Fedje er samla her. Godtgjersle til lege som er på vakt og kostnader for legevaktsentral er utgifter som vert ført her.

### Tenestemål 2023

- Etablere ein god akuttberedskap med god ansvarsfordeling mellom kommune og Helse Bergen.
- Sikre stabil bemanning gjennom fokus på styrking av kollegialt fellesskap.
- Halde ved like det gode tverrfaglege samarbeidet.

### Tenestemål 2023 – 2026

- Vidareføre fastlege/legevaktordninga.
- Utarbeide smittevern- og pandemiplan.
- Etablere oss som ein føregangs kommune innan legetenester i små distriktskommunar.



## *Ansvar 2600 Sosialtenester*

### **Teneste 2440 - 2510 – 2520 Barnevern**

Fedje kommune er i eit vertskommunesamarbeid med Alver kommune og Alver barnevern. Denne ordninga vart vedtatt i kommunestyret i desember 2019. Barneverntenesta er lokalisert i Helsehuset i Knarvik. Me har hatt auka utgifter for barnevern i 2022, og det er budsjettert også for dette i 2023. Det kan oppstå akutte hendingar, og utgifter me ikkje er budd på under denne posten.

### **Teneste 2332 Edruskapsvern**

Stillinga som jobbar med edruskapsvern er ført under 1203 fellestenester. Inntektene frå gebyr for skjenkeløyve vert ført her.

Skjenkekontrollen i Nordhordland er avslutta, skjenkekontrollørane vart oppsagt 01.07.22. Kontrollen var organisert gjennom Alver kommune, og me har betalt for bruk. Det har ikkje fungert godt nok dei siste åra. Rådmennene bestemte seg for å innhente anbod på tenesta. Anbod er innhenta, Fedje kommune kan få levert denne tenesta frå eit vakselskap til 90 000 kr for året. Skjenkekontroll er lovpålagt, kommunen sjølv kan bestemma korleis ein organiserer skjenkekontrollen. Kommunedirektøren kjem med eige sak om dette til politisk behandling.

### **Teneste 2750 Introduksjonsordning**

Politisk leiing i Fedje kommune har vedtatt at me skal ta imot 30 flyktningar frå Ukraina. Det er tilsett ein flyktningkoordinator og ein miljøarbeidar i Flyktningtenesta. Begge har utdanning innan helse og dei har fordelt arbeidet innan administrasjon og praktiske arbeid mellom seg. Det er eit mål at flyktningane som er busett på Fedje, skal starte på introduksjonsordning så snart som mogeleg.

#### **Tenestemål 2023**

- Finne egna bustad til familien.
- Flyt og plan i introduksjonsordninga.
- Språk kafé.

#### **Tenestemål 2023 – 2026**

- Integrering i samfunnet.
- Tverrfagleg samarbeid i kommunen/på tvers av kommunegrensa.

## Teneste 2760 Kvalifiseringsordninga

Kvalifiseringsordninga vert administrert gjennom NAV. Dei som treng ekstra hjelp for å kome inn i ordinært arbeidsliv kan søkje om dette. Vanskeleg å føresjå behov/bruk, avhengig av rettar. Dei siste tre åra har me ikkje hatt noko utgifter, derfor reduserer me beløpet til 100 000,- for året 2023.

## Teneste 2810 Livsopphald

Fedje kommune er i eit vertskommunesamarbeid med Masfjorden kommune og NAV Fensfjorden. Utgiftene er styrt av retter og er eit sikkerhetsnett for menneskjer i økonomisk naud. Det vil difor alltid vere knytt uvisse til storleik av denne stønaden.





## *Ansvar 3000 Teknisk kontor*

Ansvar 3000 har følgjande tenesteområde : Administrasjon, Forsikring av alle kommunale bygg, Interne service-einingar, Bustadtilskot, Handsaming av planar, byggesak og oppmåling, Landbruk, Vegar, Veglyst, Brann, Oljevern, Statleg oljeverndepot, Vatn, Kloakk, Slam, Renovasjon og Mink/Hjort.

Kommunalsjef samfunnsutvikling har 100% stilling. Driftsleiar har 100% stilling (byrjar i stillinga 1.1.23). Det er to tilsette på teknisk drift i 100% og reinhald ligg under Teknisk kontor.

### *Endring av gebyr*

Fedje kommune har gjort avtale med Momentum AS for å berekne kommunale gebyr. Det viser seg at det har vært ein underdekning over fleire år på fleire område. På grunn av generell prisauke vil gebyra auke i 2023. NIGR

### *Vatn*

Kommunen kan ikkje ha høgare inntekter frå gebyr for vatn enn at utgiftene vert dekkja. Overskot skal settast av på fond. Eige rekneskap som syner overskot eller underskot for drift av vassverket, er vedlegg til årsrekneskapen for kommunen kvart år. I 2021 blei det montert nye membranar. Kostnaden vart 680.000 kr. Ved årsskiftet 2021/2022 hadde kommunen eit samla underskot på 1,7 mill. kr. Kommunedirektøren gjer framlegg om at underskotet vert dekkja inn på 4 år eller 400.000 kr pr år. Vi må då auka gebyra tilsvarende. I tillegg må inntektene auke med minimum 150.000 kr pr år for å dekkja årlege utgifter.

Følgjande arbeid er gjennomførte i 2022:

- Arbeid med leidningsnett til Fedje mek.
- Fleire arbeid knytt til vasslekkasje.
- Støyping under ny pumpe på Vassverk.

### *Renovasjon*

Vi starta med flihogging i Flyndrevågen i 2009. Ved handsaminga av budsjettet for 2013, gjorde kommunestyret vedtak om at abonnentane skulle betala for dette. Gebyret i Fedje kommune er difor 170 kr + mva høgare i Fedje kommune enn i dei andre kommunane i NGIR. For å dekkja kostnaden med flihogging, må gebyret auke til 200 kr + mva.

### *Byggesak og oppmåling*

Inntektene av gebyr for byggesak og oppmåling er i budsjettet for 2022 sett til 220'. Same sum er sett opp for 2023. Regulativet for byggesak og oppmåling auka gebyra for 2022 med 10%. I 2023

kjøpar Fedje kommune oppmålingstenester av Austrheim kommune. Gebyra for oppmåling må difor ligge på nivå med Austrheim sine gebyr.

Framlegg om 10% auke i gebyra etter plan- og bygningslova for 2022. Ikkje auke i gebyr etter matrikkellova.

### *Bustadtilskot*

Ordninga vart innført i 1995 som ei utviding av ei eksisterande støtteordning. Dei som bygde utanfor kommunalt bustadfelt, fekk støtte fordi kommunen selde subsidierte tomter i bustadfelt. I 95 vart ordninga utvida slik at dei som overtok bustader som var over 40 år gamle, fekk tilskot. I 2020 vart det utbetalt 2 tilskot. I 2021 blei det utbetalt 1 tilskot. 2022 ble det og utbetalt 1 tilskot. midlane blir teke frå fond.

### *Brann*

Bergen brannvesen har varsla auke i utgifter til 110 sentralen. Det er kostnader knytt til Nasjonalt kommunesamarbeid for 110-sentralane IKS (NKS110) og nytt oppdragshandteringsverktøy (OHV) for 110-sentralene i Noreg. Fedje vil få ei ekstra rekning på kr 40 255,- i 2023. Dette er det teke høgde for i framlegg til budsjett.

### *Mink/Hjort*

Statens Naturoppsyn har dei tre siste åra gjort ein stor innsats for å utrydde minken på Fedje. For å støtte opp om arbeidet med å halda minken vekke, vart skotpremien auka frå 150 kr til til 500,- kr frå 2020.

## *Ansvar 3100 Kommunale bygg og anlegg*

Ansvar 3100 har følgjande tenesteområde: Bygg som kommunen eig, bustader som kommunen eig, fyrvoktarbustad, helikopterplass, badeplass og fotballbane.

### *Straum*

For 2022 har halve kWh-prisen vært bunden til 32,8 øre. Denne avtalen går ut i 2023. Kommunen samarbeider med nabokommunane om å få til ein ny avtale. Noreg har for tida ein straumkrise og det er sær sarskeleg å berekne kostnaden til straum i 2023. Kommunedirektøren foreslår i budsjettet å opprette eit ENØK fond for å investere i tiltak som sparar straum og andre energikjelder. I tillegg har me stort fokus på korleis me kan redusere straumforbruket i dei kommunale bygga. Det er berre fleirbrukshallen som har system for å styre straumen, elles må me oppfordre tilsette til å spare der dei kan. Alle monnar drar. Kommunedirektøren foreslår å stenge svømmebassenget i frå juni til august i 2023. Med årets priser vil me spare ca. 120.000,- i straumutgifter på bassenget.

### *Kommunale utleigebustader*

Husleigeauken vert 1,34 %. Dette er i samsvar med konsumprisindeksen. Kommunen har teke i mot 20 flyktningar som enten har fått kommunal bustad eller leige privat. Det betyr at kommunen no har tre kommunale bustader til disposisjon. I tillegg har me husvære som sjukeheimen disponerer til leilegheit for dei som pendlar og to omsorgsbustader. Mulevegen 3B er klar for innflytting. Me jobbar med oppgradering av Mulevegen 6. Den skal være klar til nyttår. Husøyua 30 er og ledig. Der trengst det ei oppgradering.

### *Tenestemål 2022*

Kommunen leverer prøver av bassengvatn og drikkevatn kvar månad. Alle prøver skal stetta drikkevassforskrifta og bassengforskrifta. For barnehage, skule og sjukeheim har det vore vanleg at teknisk sjef og leiinga ved dei ulike bygga, år om anna har halde ei felles synfaring der ein har sett på vedlikehald av bygga innvendig. Felles synfaring i alle bygg var eit mål for 2022 som ikkje blei oppfylt. (Oppfylt i 2019 og 2020). Målsettinga er at dette skal gjerast i 2023.

### **Ansvar Beredskap** – som er felles for alle

Fedje kommune skal vera ein trygg kommune å leva og bu i. Det er forventa at kommunen driv målretta og førebyggjande arbeid for å unngå ulukker og uønskte hendingar, og har ein kommunal beredskap som er førebudd på å møte uføresette situasjonar som kan oppstå. I kritiske situasjonar er det viktig at kommunen i samarbeid med andre beredskapsaktørar sikrar innbyggjarane og tek i vare informasjonsbehovet. Kommunen sin ROS-analyse er eit godt hjelpemiddel for å sikra at det er dei mest kritiske og relevante situasjonane me øver på og førebur oss på. Korona-epidemien har gjeve

oss ein del verdifull erfaring som me tek med vidare i beredskapsarbeidet. Fedje kommune hadde hausten 2022 tilsyn på beredskap og helseberedskap frå statsforvaltaren. Statsforvaltaren fant lovbrøt både på beredskap og på helseberedskap knytt til sivilbeskyttelseslova. Me må derfor prioritere innsats for å få beredskapsarbeidet innafør lova i 2023.

### **Tenestemål 2022 – 2025**

Det er eit krav at den kommunale kriseleiinga skal øvast minst anna kvart år. I tillegg har kriseleiinga også fått opplæring med å nytta kommunikasjonssystemet CIM. Framover vil det bli fokus på å gjennomføra kompetansehevande tiltak, øvingar for kriseleiinga og å øve på bruk av sambandstelefonar og satellittelefon. Beredskapsplanar, ROS-analyser og andre relevante beredskapsdokument skal oppdaterast årleg. Dette har ikkje blitt gjort, og me må i 2023 gjennomføre eit større arbeid på beredskap og kriseberedskap for å stette lova om sivil beskyttelse.

## Ansvar 4000 Finansiering

Samanlikna med budsjettet for 2023 aukar inntekter under finansiering med ca 2,0 %.

	Budsjett 2023	Budsjett 2022
BISTAND TIL ETABLERING OG OPPRETTHALD AV EIGEN BUSTAD	-40	-40
SKATT PÅ INNTEKT, FORMUE OG EIGEDOM	-18 183	-18 092
STATLEG RAMMETILSKOT	-45 376	-44 792
RENTER/UTBYTTE OG LÅN (INNLÅN OG UTLÅN)	-150	-100
INTERNE FINANSIERINGSTRANSAKSJONAR	756	496
<b>TOTALT</b>	<b>-63 749</b>	<b>-62 528</b>

**Bistand til etablering og oppretthald av eigen bustad** – Renteinntekter frå formidlingslån i Fedje kommune.

**Skatt på inntekt, formue og eigedom og statleg rammetilskot** – Moderat auke.

**Renter/utbytte og lån (innlån og utlån)** – Lågare utgifter til avdrag og renter samt auka utbytte gjev oss også eit betre nettoresultat for finansutgifter.

**Interne finansieringstransaksjonar** – Overføring av midlar til investering.

## 5. Økonomiplan 2023-2026

<b>HOVEDOVERSIKTER DRIFT</b>	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026
Rammetilskot	44 792	45 376	46 284	47 209	48 153
Skatt på inntekt og formue	15 892	15 983	16 303	16 629	16 961
Eigedomsskatt	2 200	2 200	2 244	2 289	2 335
Andre skatteinntekter	0	0	0	0	0
Andre overføringer og tilskot frå staten	2 457	10 116	10 318	10 525	10 735
Overføringer og tilskot frå andre	3 695	3 511	3 581	3 653	3 726
Brukarbetalingar	3 084	3 084	3 146	3 209	3 273
Sals- og leigeinntekter	7 449	7 608	7 760	7 915	8 074
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>79 569</b>	<b>87 878</b>	<b>89 636</b>	<b>91 428</b>	<b>93 257</b>
Lønnsutgifter	45 282	49 621	50 613	51 626	52 658
Sosiale utgifter	10 963	11 234	11 234	11 234	11 234
Kjøp av varer og tjenester	19 268	21 962	22 401	22 849	23 306
Overføringer og tilskudd til andre	3 749	3 895	3 973	4 052	4 133
Avskrivningar	3 759	4 115	4 197	4 281	4 367
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>83 021</b>	<b>90 827</b>	<b>92 419</b>	<b>94 043</b>	<b>95 699</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>-3 452</b>	<b>-2 949</b>	<b>-2 783</b>	<b>-2 614</b>	<b>-2 442</b>
Renteinntekter	290	240	300	306	312
Utbytte	1 000	1 200	1 000	1 020	1 021
Gevinst og tap på finansielle omløpsmidlar	0	0	0	0	0
Renteutgifter	530	630	750	765	780
Avdrag på lån	1 300	1 220	1 244	1 269	1 295
<b>Netto finansutgifter</b>	<b>-540</b>	<b>-410</b>	<b>-694</b>	<b>-708</b>	<b>-742</b>
Motpost avskrivningar	3 759	4 115	4 197	4 281	4 367
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>-233</b>	<b>756</b>	<b>720</b>	<b>959</b>	<b>1 183</b>
	<b>-0,29 %</b>	<b>0,86 %</b>	<b>0,80 %</b>	<b>1,05 %</b>	<b>1,27 %</b>
Overført til investeringsregnskapet	0	-806	-770	-1 009	-1 233
Netto bundne fond	0	0	0	0	0
Netto disposisjonsfond	233	50	50	50	50
Dekning av tidligere års regnskap m. merforbruk	0	0	0	0	0
<b>Sum disponering eller dekning av nettoresultat</b>	<b>0</b>	<b>-756</b>	<b>-720</b>	<b>-959</b>	<b>-1 183</b>
<b>Framført til inndecking i seinare år</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026
<b>Bevilgningsoversikt - drift</b>					
Rammetilskot	44 792	45 376	46 284	47 209	48 153
Inntekts- og formueskatt	15 892	15 983	16 303	16 629	16 961
Eigedomsskatt	2 200	2 200	2 244	2 289	2 335
Andre generelle driftsinntekter	2 457	10 116	10 318	10 525	10 735
<b>Sum generelle driftsinntekter</b>	<b>65 341</b>	<b>73 675</b>	<b>75 149</b>	<b>76 651</b>	<b>78 184</b>
Sum bevilningar drift, netto	65 034	72 509	73 959	75 438	76 947
Avskrivningar	3 759	4 115	4 197	4 281	4 367
<b>Sum netto driftsutgifter</b>	<b>68 793</b>	<b>76 624</b>	<b>78 156</b>	<b>79 720</b>	<b>81 314</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>-3 452</b>	<b>-2 949</b>	<b>-2 783</b>	<b>-2 614</b>	<b>-2 442</b>
Renteinntekter	290	240	300	306	312
Utbytte	1 000	1 200	1 000	1 020	1 021
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmidlar	0	0	0	0	0
Renteutgifter	530	630	750	765	780
Avdrag på lån	1 300	1 220	1 244	1 269	1 295
<b>Netto finansutgifter</b>	<b>-540</b>	<b>-410</b>	<b>-694</b>	<b>-708</b>	<b>-742</b>
Motpost avskrivningar	3 759	4 115	4 197	4 281	4 367
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>-233</b>	<b>756</b>	<b>720</b>	<b>959</b>	<b>1 183</b>
Overføring til investering	0	-806	-770	-1 009	-1 233
Netto avsetningar til eller bruk av bundne fond	0	0	0	0	0
Netto disposisjonsfond	233	50	50	50	50
Dekning av tidligere års regnskap m. merforbruk	0	0	0	0	0
<b>Sum disponering eller dekning av nettoresultat</b>	<b>233</b>	<b>-756</b>	<b>-720</b>	<b>-959</b>	<b>-1 183</b>
Framført til inndekning i seinare år	0	0	0	0	0

	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	
<b>Budsjettskjema 1B - drift</b>						
1000	Kommunedirektør	11 598	12 002	12 242	12 487	12 737
1100	Kulturtenester	1 708	1 982	2 022	2 062	2 103
2000	Levekår	2 013	2 315	2 361	2 409	2 457
2100	Fedje skule	13 650	14 261	14 546	14 837	15 134
2200	Fedje barnehage	3 657	3 658	3 731	3 806	3 882
2300	Pleie og omsorg	19 006	19 174	19 557	19 949	20 348
2500	Legetenester	5 347	5 848	5 965	6 084	6 206
2600	Sosialtenester	3 617	8 228	8 393	8 560	8 732
3000	Teknisk kontor	2 275	2 760	2 815	2 872	2 929
3100	Kommunale bygg og anlegg	5 922	6 396	6 524	6 654	6 787
3500	Avskrivningar	-3 759	-4 115	-4 197	-4 281	-4 367
<b>TOTALT</b>		<b>65 034</b>	<b>72 509</b>	<b>73 959</b>	<b>75 438</b>	<b>76 947</b>

<b>Bevilgningskjema - investering</b>	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026
Investeringar i varige driftsmidlar	4 950	12 591	1 350	1 000	1 250
Tilskot til andre sine investeringar	0	0	0	0	0
Investeringar i aksjar og andeler	210	225	250	250	250
Utlån av egne midlar	2 500	0	0	0	0
Avdrag på lån	310	310	340	360	350
<b>Sum investeringsutgifter</b>	<b>7 970</b>	<b>13 126</b>	<b>1940</b>	<b>1610</b>	<b>1850</b>
Kompensasjon for meirverdiavgift	850	2 379	70	50	50
Tilskot frå andre	0	0	0	0	0
Sal av varige driftsmidlar	0	3 500	0	350	350
Sal av finansielle anleggsmidlar	0	0	0	0	0
Utdeling frå selskap	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån av egne midler	220	180	200	210	210
Bruk av lån	4 500	6 000	750	0	0
<b>Sum investeringsinntekter</b>	<b>5570</b>	<b>12 059</b>	<b>1020</b>	<b>610</b>	<b>610</b>
Vidare utlån	0	0	0	0	0
Bruk av lån til vidare utlån	0	0	0	0	0
Avdrag på lån til vidare utlån	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på vidare utlån	0	0	0	0	0
<b>Nettoutgifter vidare utlån</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
Overføring frå drift	0	806	770	1 009	1 233
Netto avsetningar til eller bruk av bundne investeringsfond	0	0	0	0	0
Netto avsetningar til eller bruk av ubundne investeringsfond	2 400	261	150	-9	7
Dekning av tidlige års udekket beløp	0	0	0	0	0
<b>Sum overføring frå drift og netto avsetningar</b>	<b>2400</b>	<b>1067</b>	<b>920</b>	<b>1000</b>	<b>1240</b>
<b>Framført til inndecking i seinare år</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>



<b>Budsjettskjema 2B - investering</b>		Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett
		2022	2023	2024	2025	2026
1200	Administrasjon	210	225	250	250	250
2220	Skulelokaler	0	0	250	0	250
2330	Miljøretta helsevern	100	0	100	0	0
2412	Helsestasjon		628	0	0	0
2610	Institusjonslokale	1 200	500	0	500	0
2651	Kommunalt disponerte bustader	0	0	1 000	0	1 000
2830	Bistand til etab. og oppret. av eingen bustad	310	310	340	360	350
3202	Gamlebanken næringsbygg	0	4 763	0	0	0
3350	Rekreasjon i tettstad	0	0	0	0	0
3530	Avløpsnett/innsamling av avløpsvann	700	700	0	500	0
3600	Naturforvaltning og friluftsliv	1 700	0	0	0	0
3812	Fleirbrukshall	250	0	0	0	0
3930	Kirkegård	1 000	6 000	0	0	0
<b>TOTALT</b>		<b>5 470</b>	<b>13 126</b>	<b>1 940</b>	<b>1 610</b>	<b>1 850</b>